

## Felles programstyre for lektorutdanninga

### Protokoll frå møte i felles programstyre for lektorutdanninga

#### Møte 29. oktober 2025

Tidspunkt: 29. oktober, 2024, kl. 09.00 – 11.00

Møtestad: Lektorsenteret, Christies gate 20

#### Til stades:

Endre Brunstad (leiar), Martin Sjøen (PF-5LU), Liv Eide (PF-PPU), Katharina Sass (SV), Christian Sæle (HF-AHKR), Kimberly Skjelde (HF-IF), Johan Lie (MN), Guri Reikvam (Bergen kommune, Slåtthaug ungdomsskole), Katrine Aske (studentrepresentant frå FIL), Marthe Hatlen Grønsveen (observatør, fagleg praksiskoordinator) og Aud Irene Mehammer (sekretariat, lektorsenteret)

#### Meldt forfall:

Ragnhild Lie Anderson (HF-nordisk), Monica Håkonsli (VLFK), Steinar Sætre (KMD), Thashany Pratheepan og Karine Holthe Børstad (studentrepresentantar frå FIL) og Ranveig Lote (sekretariat, lektorsenteret)

#### Forslag til dagsorden:

##### I Godkjenning av innkalling og dagsorden

Innkallinga blei godkjend.

##### II Godkjenning av protokoll frå møtet 11. september

Protokollen blei godkjend.

#### Saker til eventuelt:

Orientering om permisjon for seksjonsleiaren ved lektorsenteret v/Endre Brunstad

#### Drøftingssak

##### Sak 49/23 Eksterne fagfellerapportar

Det kom fram generelle tilbakemeldingar om at dei eksterne fagfelle synes å handsame oppdraga på ein samvitsfull måte og at rapportane blir følgt opp på ein god måte på fakulteta.

#### Vedtaksaker

##### Sak 50/23 Utgreiing av gruppepraksis i første langpraksis

#### **Vedtak**

Programstyret vedtek at det skal opprettast ei utgreiingsgruppe som skal greie ut og gi råd om bruk av gruppepraksis i lektorutdanninga ved UiB. Arbeidet skal skje i tråd med framlegg til mandat og gruppesamansetjing, og gruppa skal levere arbeidet sitt seinast 3. mars.

### Sak 51/23      **Kapasitetstak på sosiologi som fag 2**

SV sitt medlem poengterer at kapasitetsutfordringane for sosiologi ikkje heng saman med opptaks- og studenttalet på sosiologi som fag 1. Det er semje om å stryke denne setninga i framlegg til vedtak.

Saka vil bli lagt fram for styringsgruppa 3. desember.

#### **Vedtak**

Programstyret stiller seg positivt til ei prøveordning med kapasitetstak på 15 studentar på sosiologi som fag 2. For å regulere kapasitetstaket føreslår programstyret bruk av loddtrekning.

Det må avklarast om prøveordninga kan innførast for studentar på kull 2024 eller om det må skje frå kullet som startar i 2025.

### Sak 52/23      **Restriksjonar på fagkombinasjon mellom samfunnsfag og historie**

Blant medlemmene i programstyret var det ulike syn på saka. Med bakgrunn i momenta som kom fram i drøftingane vart framlegg til vedtak revidert og erstatta med nye vedtakspunkt:

- A. Felles programstyre ønskjer per i dag ikkje å innføre restriksjonar på fagkombinasjon historie og samfunnsfag.
- B. Felles programstyre ønskjer meir kunnskapsgrunnlag før ein vil ta stilling til spørsmålet om UiB ikkje lenger skal tillate fagkombinasjon historie og samfunnsfag.
- C. Felles programstyre ønskjer ei sak om korleis rettleiing av studentane sitt val av fag 2 kan gjerast i høve til problemstillingane i saka.

Vedtakspunkta fekk følgjande stemmer:

Punkt A:        8 mot 1 stemte **for** alternativ A  
Punkt B:        7 mot 2 stemte **mot** alternativ B  
Punkt C:        9 stemte **for** alternativ C

#### **Vedtak**

- Felle programstyre ønskjer per i dag ikkje å innføre restriksjon på fagkombinasjon historie og samfunnsfag.
- Felles programstyre ønskjer ei sak om korleis rettleiing av studentane sitt val av fag 2 kan gjerast i høve til problemstillingane i saka.

### Sak 53/23      **Politikk og forvaltning som fag 2**

Det var ulikt syn blant programstyremedlemmene på om den siste setninga; «*Programstyret føreset at politikk og forvaltning har tilsvarande kapasitetstak som sosiologi.*» i framlegg til vedtak, alternativ A, skulle strykast eller ikkje.

5 personar stemte for alternativ A som heilskap.  
1 person stemte for alternativ A minus siste setning.

Saka vil bli lagt fram for styringsgruppa 3. desember.

## Vedtak

Felles programstyre tilrår at politikk og forvaltning blir innført i den femårige lektorutdanninga ved UiB som fag 2 for lektorprogramma ved Det humanistiske fakultet frå og med haust 2025. Faget skal ikkje kunne kombinerast med sosiologi som fag 1. Programstyret føreset at politikk og forvaltning har tilsvarende kapasitetstak som sosiologi.

### Orienteringssaker

#### **Sak 54/23 Geografisk område for praksisutplassering i lektorutdanninga**

Felles programstyre tek saka til orientering.

#### **Sak 55/23 Endringar i forskrift om rammeplan for PPU**

Felles programstyre tek saka til orientering.

#### **Sak 56/23 Nytt frå praksisutvalet**

Reviderte retningslinjer for praksisbesøk er sendt ut på innspelsrunde til fakulteta og vil bli handsama i neste møte i praksisutvalet 3. des.

Felles programstyre tek saka til orientering.

### Vedtakssaker

#### **Sak 57/23 Fleksibel dag under gjennomføring av kortpraksis i tredje semester for lektorstudentar i realfag**

## Vedtak

Programstyret støttar ei fleksibel løysing for kortpraksis i tredje semester. Dette inneber 5 faste dagar i veke 37 og tre fleksible dagar fortrinnsvis i veke 38–40. Studenten kan, i samråd med skulen, erstatte ein av dei tre fleksible dagane i veke 38-40 med deltaking på ein fagdag i eitt av undervisningsfaga innan utgangen av veke 45.

#### **Sak 58/23 Overlapp mellom temaseminar og KP-dagar**

## Vedtak

Felles programstyre støttar framlegg frå Fakultet for naturvitskap og teknologi om at lektorstudentane i realfag, kull23, kan delta på KPDAG3, Digitale verktøy i skulen, vår 2027 i staden for temaseminaret IKT i skulen haust 2026.

#### **Sak 59/23 Eventuelt**

Seksjonsleiar ved lektorsenteret, Ranveig Lote, går ut i permisjon eit halvt års tid; ho skal i denne perioden vere ved SV-fakultetet. Bo Byrkjeland tek over som seksjonsleiar onsdag 13. november og skal vere 50% ved lektorsenteret og 50% ved UiB Videre.